

## Lausanne 1980

Lausanne-rørsla organiserar 16. – 27. juni 1980 ein ny internasjonal «consultation» for verdensmisjon. Møtet skal haldast i Thailand.

Lausanne-møtet i 1974 hadde som tema: «Let the Earth Hear His Voice». Denne gongen vil ein samlast om: «How Shall They Hear?» (Rom 10, 14). Møtet vil såleis som ei hovedsak arbeida med misjonsstrategi. Korleis skal ein nå dei 4 milliardar mennesker som idag lever på jorda? Av dei er berre ein milliard kristne. Ein annan milliard har truleg høyrte evangeliet. Men kva med resten?

Førebudinga av møtet er alt igang. Dei 650 tilreisande ein reknar med skal koma til Thailand, vil gjennom 10 harde arbeidsdagar slutføra det studiegrupper verda over nå er i ferd med å tenkja gjennom.

Å døma etter det førebuande arbeidsprogrammet og det knappe utsendte materialet, kjem også dette andre store «Lausanne»-møte til å verta merkt av eit frimodig og aktivt misjonssyn. Det peikast sterkt på at kristen misjon ynskjer å nå menneska med evangeliet sine siningar og med kallet til omvendning.

Arbeidsgruppene har alle eit «Reaching»-program. Sume skal sjå på korleis ein best kan nå menneske med tradisjonel folkereligion som bakgrunn i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Der er grupper for «Reaching» Buddhists, Mystics, Hindus, Jews, Marxists, Secularists, Muslims. Der er ei eiga gruppe som skal studera korleis ein kan nå Kina av idag, og ein som skal arbeida med dei problem kyrkja står overfor i storbyane. Det er også grupper som skal sjå på korleis me kan nå att dei kyrkjeframande navnekristne av ulik bakgrunn.

Attåt dette skal spesialgrupper ta opp barne-, ungdoms- og studentarbeid, massemedia, bibelomsetjing og misjonær- /evangelistutdanninga.

For ein ekumenisk organisasjon som omfattar ei mengd teologiske syn er det takknemmeleg å få konsentrera seg om strategiske og praktiske spørsmål. Men det finst vilje også denne gongen til, ut frå studiet av Guds ord, å finna fram til klårleik over kva bodskap kyrkja i misjon ynskjer å nå menneska med.

«Lausanne»-møtet 1980 ser såleis ut til å verta eit nytt ja til ein bibeldefinert misjon.

*Ludvig Munthe*